



# Landstinget 2008

## Sak 7

### Forbundskontingent 2009

~~~~~==<(\*)>==~~~~~

Kvart år bestem Landstinget nivået for forbundskontingenten og korleis kostnaden skal bli fordelt på forbundet sine medlemsforeiningar. Det har vore ulike løysingar for å fordele kostnadene over åra, men modellen som er brukt som base i forslaget i år er tilsvarande same som to år tidlegare.

#### **Om forbundskontingent**

Forbundskontingent er ein av dei få inntektskjeldene som Hyperion har. Tidlegare blei nivået halde til om lag 25% av forbundet sine totale inntekter. Forbundskontingent er, som statsstøtte, inntekt som er friteke for meirverdavgift og andre skattar og avgifter.

#### **Historikk**

Dei fyrste driftsåra var det ein fast sum per organisasjon og per medlem. Denne måten å krevje inn kontingent på førte til at det var uvisst kor mykje ein får inn i kontingent kvart år.

For å bøte på dette har Hyperion dei siste åra har vi i budsjettet fastsett den totale summen som skal bli kravd inn, og i dette dokumentet vedteke ein fordelingsnøkkel for korleis kostnaden skal bli fordelt på organisasjonane.

Det er vår vurdering at denne løysinga har vore meir stabilt, men vi har hatt problem med å få inn heile summen som er budsjettert kvart år då foreiningar blir lagt ned, gjerne mellom utbetaling av støtte og innbetaling av kontingent til Hyperion.

#### **Argumentasjon**

Vi foreslår i år same modell som tidlegare, men med lagt til eit avsnitt med prinsipp som skal, så godt som mogleg, bli bevart om Forbundsstyret ser det naudsynt å gjere endringar i dokumentet i 2009.

Vi foreslår òg at kontingenten skal, om mogleg, bli kravd inn ved fråtrekk av Frifond-støtte som betalast ut. Det er vår vurdering at dette vil vere ein mindre byråkratisk prosess enn det er no, og vil sikre at vi får inn mest mogleg av den kontingenten som vi set som mål å få inn. Arbeidsutvalet vil ved gjennomføring av kontingentinnkrevjing på denne måten spare sær mykje tid då ein no estimerer å bruke om lag ein månad med «masing» på medlemsforeiningar for å få dei til å betale uteståande kontingent.

## Innstilling frå Forbundsstyret til Landstinget

### Forbundskontingent 2009

Etter statsstøtte er forbundskontingent den største inntektsposten vi har. Vårt mål er å samle inn ein forbundskontingent som støtter opp om aktiviteten vi har sentralt. Kor mykje vi krev inn i forbundskontingent blir styrt frå budsjettposten Kontingent.

#### 1. Kalkulering av poeng

For utrekninga får kvar foreining tildelt ein sum med poeng som blir brukt vidare for å kalkulere kor stor andel av kontingenten som foreininga skal få. Same nøkkel blir brukt for å finne ut kor mykje kvar foreining skal få i støtte frå Hyperion (sjå eiga dokument).

- Foreiningar som var med på å generere støtta som blir utbetalt får 100 grunnpoeng pluss eitt poeng per tellande medlem under 26 år basert på medlemslista fjoråret.
- Foreiningar som meldte seg inn året førre støtta blir utbetalt får 100 grunnpoeng pluss eitt kvart poeng per tellande medlem under 26 år basert på medlemslista fjoråret.
- Foreiningar som meldte seg inn det året støtta blir utbetalt får 100 grunnpoeng.

#### 2. Fordeling av kontingent

Den totale summen av kontingent som samlast inn, fastsett i budsjettet, blir delt på den totale summen poeng generert i punkt 1.

#### 3. Prinsipp

- Alle foreiningar skal betale «sin del» av kontingenten
- Kontingenten kvar foreining betalar per medlem bør gå ned minimum 5% kvart år
- Kontingenten bør aldri utgjere meir enn 50% av støtta utbetalt

#### 4. Innkrevjing

Arbeidsutvalet står for innkrevjing av kontingent. Kontingenten kan bli trukke frå andre utbetalingar, til dømes Frifond-støtte.

#### 5. Forbundsstyret kan endre fordelinga

Ved hendingar som ikkje er forutsett i dette dokumentet kan Forbundsstyret med  $\frac{3}{4}$  fleirtal gjere endringar.

#### 6. Døme

Om vi forutsett at vi skal krevje inn 200.000kr i kontingent og at Hyperion ved tidspunkt for fakturering av kontingent har 15.000 medlemmer (15.000 medlemspoeng) og 150 medlemsforeiningar (15.000 foreiningspoeng) vil kvar foreining betale følgjande:

| Storleik       | Innmeldt         | Poeng  | Kontingent |
|----------------|------------------|--------|------------|
| 5 medlemmer    | I år             | 100    | 666kr      |
| 5 medlemmer    | I fjor           | 101,25 | 675kr      |
| 5 medlemmer    | For to år+ sidan | 105    | 700kr      |
| 50 medlemmer   | I år             | 100    | 666kr      |
| 50 medlemmer   | I fjor           | 112,5  | 750kr      |
| 50 medlemmer   | For to år+ sidan | 150    | 1.000kr    |
| 100 medlemmer  | I år             | 100    | 666kr      |
| 100 medlemmer  | I fjor           | 125    | 833kr      |
| 100 medlemmer  | For to år+ sidan | 200    | 1.333kr    |
| 250 medlemmer  | I år             | 100    | 666kr      |
| 250 medlemmer  | I fjor           | 162,5  | 1.083kr    |
| 250 medlemmer  | For to år+ sidan | 350    | 2.333kr    |
| 500 medlemmer  | I år             | 100    | 666kr      |
| 500 medlemmer  | I fjor           | 225    | 1.500kr    |
| 500 medlemmer  | For to år+ sidan | 600    | 4.000kr    |
| 5000 medlemmer | For to år+ sidan | 5100   | 34.000kr   |